

## Cittaslowrådsmøte, Ulvik herad



**Referat frå møte 13.januar 2016 kl 18-20.**

**Stad: Heradstyresalen, Ulvik**

### **Frammøtte:**

Jenny Johnsen- Bygdekvinnelaget  
Arne Haukeland- Brakanes skule  
Håkon Gjerde- Politisk representant  
Ingvild Sygnestveit- Politisk representant  
Ingrid Prestagard- Brakanes Hotell  
Stein Olav Kolås- Bondelaget  
Gunnbjørg Øyre- Hjeltnes Vidaregåande Skule  
Pål Drønen- SlowFood Hardanger

Møtt vara:

For Cecilie Øydvin frå Ungdomsrådet møtte Alma Thorbjørnsen.

Stemmetalig: 9

Frå heradet:

Natalia A. Golis- sekretær  
Espen Eide- Kultursjef  
Hans Petter Thorbjørnsen- ordførar

Observatør:

Ingvild- Ungdomsarbeidar

Forfall:

Geir Neteland- Haugesenteret  
Vibeke Korsnes- Ulvik næringslag

Møtet blei innleia med kort presentasjon av status quo for arbeidet både i Ulvik og med Cittaslow Nordisk/ International. Ordførar orienterte om arbeidsgruppemøte som finn stad i Danmark 20.januar der det nordiske nettverket skal møtast.

**Saksliste:**

**1/16: Godkjenning av innkallinga**

*Vedtak: Innkallinga godkjend*

**2/16: Konstituering**

Cittaslowrådet skal utpeika, i tråd med vedtektene, ein leiar og nestleiar for perioden.

Forslag til vedtak:

Ingrid Prestegard veljast til leiar

Håkon Gjerde veljast til nestleiar

*Vedtak: Samrøystes vedteke til akklamasjon.*

**3/16: Godkjenning av vedtekter.**

Framlegg til vedtekter er vedlagt innkallinga.

Forslag til vedtak: Vedtekter godkjennast.

Forslag til endring i pkt.2:

Utvida rådet frå 9 til 11 representanter for å ivareta 2 representanter frå skule og to frå næringslivet.

Nytt vedtak:

1. "Rådet har 11 medlemmer med varamedlemmer som vart peika ut såleis:

2 politiske valde frå Ulvik heradstyre

1 ungdomsrepresentant

2 næringsliv

1 landbruk

2 undervisning

1 kultur

2 frivillige lag/ organisasjonar

2. "Valperioden er 2 år, der leiaren vert vald for 1 år"

*Vedtak:*

*Vedtektane godkjennast med dei to endringane over.*

*Merknad:*

Rådet bør kunna orientera i heradstyret ved høve og ha ein fortløpande dialog med heradstyret. Referatet skal vere offentleg og tilgjengeleg på heimesida til Ulvik herad. Administrasjon og leiar skal sjå på andre moglege delingsverktøy.

#### **4/16: Orienteringar**

Orientering frå heradet om rådets moglege årshjul og prosjektfokus for 2016 vart delt ut på møte.

##### Innkømne innspel i møte:

- Heilt nye vegar: Rådet skal koma med konkrete innspel for samfunnsutviklinga i Ulvik. Cittaslow-arbeidet må inn i ny samfunnsdel i kommuneplanen.
- Rådet skal setja ny agenda, og ta nokre verdival. Me har mange skattar å forvalta.
- Landbruk og turisme – Heile bygda samla seg om å bli eit betre vertskap for gjester som vitjar. Forslag om å halda vertskapskurs for innbyggjarane og bedriftene.
- Meir lokalprodusert mat og drikke i bytikkhyllene.
- Ungdomsutveksling: Positivt frå ungdomane. Bakgrunn for dette er samarbeid og kontakt med Greve i Italia som vil knyta tettare band. Landbruksutveksling og kompetanseutveksling er også aktuelt. Grunnlag til utveksling kan vera: Fredsarbeid/ miljø og klima/ landbruk og fruktdyrking+++.  
Hjeltnes har hatt utveksling på fruktdyrking.
- Ynskje om konkrete prosjekt i barnehage og skule.
- Prosjekt for å minska matkasting: Satsing lokalt- Korleis oppmoda næringslivet og butikkane sjølv? Auka matkunnskap? Få med skulane og barnehagen i dette arbeidet? «Reste-fredag på Drøs».
- Sertifisering av verksemder. Tydelege krav til avfallshåndtering: Det er ingen nasjonale lover som sikrar kasting av mat og matsvinn, her kan kommunen leggja eigen ambisjon.
- Storinnsamling av storavfall bør vera fast, gjerne 2 gonger i året. Kostnad er kontainer-leige.
- Alma Thorbjørnsen la fram behov for å gjenoppta suksessen med UngJobb i Ulvik.

Korleis få aldersgrensa ned slik at fleire får tilbod om arbeid? Minimum 14 dagar arbeid og ca.100kr i timen. Fordelane er mange: Oppmøte gjev meistring, hindrar fråfall, verdifull arbeidserfaring, kunnskap til eiga bygd, investering i lokale gardsbruk.

##### *Framlegg til vedtak:*

*Administrasjonen, i samarbeid med leiar, skal setja i gang UngJobb att og leggja dette fram for rådet i mars-møte.*

*Vedtak: Samrøystes vedteke og bejubla.*

#### **5/16: Møteplan vår 2016**

Cittaslowrådet anbefalast å møtast 6 gongar i året.

Leiar og sekretær kan innkalla til ekstraordinære møte ved høve.

*Vedtekne møtedatoar vår 2016: Onsdag 2.mars og Onsdag 11.mai*

*ref. N.Golis*